



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

Midt-Telemark kommune
Bøgata 67
3800 BØ I TELEMARK

Vår dato: 24.02.2025

Vår ref.: 201306918-52 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

NVE ber om vidare undersøkingar i samband med vilkårsrevisjonen for Seljordsvatn, Midt-Telemark kommune, Telemark

NVE viser til vilkårsrevisjonen for Seljordsvatn.

NVE pålegg Midt-Telemark kommune å få gjennomført ein hydraulisk modellering av utløpet av Seljordsvatn. Modelleringa skal være basert på kartlegging av botnen frå ca. 500-600 m oppstrøms luka og ned til vasstandsmålaren ved Hagadrag (stasjonsnummer 16.51.0).

Undersøkinga må mellom anna gi informasjon om sambandet mellom manøvrering av luka og kva dette har å seie for vasstanden i Seljordsvatn ved ulike tilsigssituasjonar/vassføringar. I tillegg må kartlegginga av elvebotnen være eigna til å avdekke om det er lagt ut masser i elveløpet som kan påverke vassføringa.

Undersøkinga skal utførast etter anerkjend metodikk av person med relevant fagleg kompetanse.

Kravet om tilleggsinformasjon med naudsynnte undersøkingar er heimla i vassressurslova § 23 2. ledd. Kravet er av prosessuell art og ikkje eit enkeltvedtak som det kan klagast på.

Vi ber òg om at kartlegginga gjerast tilgjengelege for NVE, slik at dei kan inngå i vår batymetridatabase.

Frist for å sende inn undersøkinga til NVE er **30. juni 2025**.

Med helsing

Håkon Berg Sundet
fagleiar

Jakob Fjellanger
sjefsingeniør

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



Mottakarliste:

Midt-Telemark kommune

Kopimottakarliste:

SKAGERAK KRAFT AS